

Uskedalen Aktivitetshus AS ber med dette om økonomisk støtte til sletting av lån, alternativt nedbetaling av lån.

Aktivitetshuset har vore driven på dugnad i over 20 år. Vi ynskjer å halde fram med drifta og utviklinga av huset, og fremje denne verdiskapinga i bygda. Dette er den store samlingsstaden, og vert brukt til det meste frå daglege treningar, korpsøving, familietreningar og tilstellingar som konsertar, møter, 17. mai feiring og julefest.

Aktivitetshuset vart bygd i regi av Uskedal idrettslag (UIL) og opna i 2002. Huset vart finansiert etter tredeling mellom idrettslag, kommune og spelemidlar. På dei tider var det ingen stiftingar som delte ut gåver. Idrettslaget finansierte sin del, med overskot frå Uskedalsdagane, dugnad, gåver frå bygdefolk og sal av aksjar til bedrifter og private.

Aktivitetshuset er bygd fysisk saman med skulebygget og erstattar den gamle gymsalen. Gymsalen vart så bygd om til to klasserom, noko som var naudsynt med omsyn til auka barnetal og manglande klasserom. Etter opninga har huset heile tida vorte utvikla. Vi har fått eit amfi med plass til 212 personar, styrkerom og klatrevegg. Huset vert nytta av folk frå heile kommunen. Per i dag har aktivitetshuset i hovudsak to store leigetakarane, Kvinnherad kommune og UIL.

Uskedalen skule disponerar huset vekedagane frå 08.00 til 16.00, medan UIL disponerer etter skuletid og i helgar. Skulen nyttar i tillegg huset ved behov på kveldstid og har førsteprioritet dersom foreldremøte eller andre tilstellingar. Kommunen betalar ikkje noko direkte leige, men etter avtale betaler dei vask, straum og forsikring av bygningsskal.

Aktivitetshuset har vore drive på dugnad utelukkande med inntekter frå sponsorar, leigetakarar og dugnadsarbeid. I perioden 2002-2017 arrangerte «aktivitetshuset damevenner» ulike bygdearrangement, herav «Aktivitetsdagen» og «Hopp i havet» årleg for i det vesentlege å bistå i betjening av lån.

Den økonomiske situasjonen i samfunnet har medført eit fall i sponsorinntektene våre, auka renteutgifter og reduksjon i leigeinntekter grunna korona. Selskapsforma vår førte óg til at vi ikkje fekk koronamidlar eller andre private og offentlege tildelingar. Grunna reduserte inntekter over fleire år, har vi tappa eigenkapitalen for å betena gjelda vår og er såleis i ein økonomisk vanskeleg situasjon. I realiteten er UIL einaste faste betalande leigetakar, og blir belasta med dei vaksande utgiftene.

Vi ynskjer å tilby våre leigetakarar dei same vilkåra som leigetakarar i kommunale bygg, slik det er vedteken i gjeldande kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv: "bruk av kommunale idrettsanlegg til trening skal vera gratis for barn og unge under 19 år som driv med aktivitet, eigen organisert eller gjennom frivillige lag og organisasjonar."

Vårt ønske er at kommunen kan hjelpa oss slik at barn og unge kan få dei same vilkåra som i andre bygder med tilhøyrande idrettshall eller gymsal.

Den reelle økonomiske situasjonen oppsummert:

Årlege utgifter for 2023 er estimert til kr. 160.000,-. Av dette er låneutgifter kr 110.000,-

Årlege inntekter i 2023 fra Uskedal IL er kr 85.000,-

I 2024 ser vi oss nøyde for å auka leiga til idrettslaget til 100.000,- for å dekke inn den auka renta og svikta i sponsorinntektene.

Resterande lån for Uskedal aktivitetshus AS er pr i dag kr 765.744,-

Låneforpliktelsen er klart største utgift, og den klart største utfordringa for å kunne drifta og utvikle Aktivitetshuset.

Vi vil understreka at vi vil halde fram å drifte huset til beste for både kommunen og bygda.

Styret i Uskedal Aktivitetshus AS